

Felles sommarvert i Uskedalen?

28.01.2010



Reiner Strauss frå Düsseldorf var ein av mange fornøgde turister som vitja oss i fjar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etablering av ein ordning med felles sommarvert er eitt av tiltaka som Uskedalen Utvikling no arbeider med, opplyste prosjektleiar Kristian Bringedal då han la fram ein tiltaksplan under årsmøtet tidlegare denne veka.

Han opplyste samstundes at det blir ei ny og forbetra spørjeundersøkjing blant turistane til sommaren.
Forbetringa vil mellom anna gå ut på at det blir lagt større vekt på campingturistane og andre som overnattar her.

Av andre tiltak som blir vurdert og som er aktuelle lista Bringedal mellom andre opp desse:

- * Skilting til badestrand og leikeplass
- * Samarbeid med skulen om bruk av leikeplassen.
- * Vidare arbeid med turkart og skilting
- * Informasjon og brosjyrer
- * Vurdera saman med SPAR utdeling av avisar og rundstykke ved nokre høve.
- * Sykkelutleige.
- * Fylgja opp arbeidet med eventuell drift av Vertshuset.
- * Tiltak for å styrka motivasjonen og vertskapsrollen.
- * Studietur til dømes til Herand.

Spørjeundersøkinga sist sommar la for dagen ei rekke aktuelle oppgåver knytta til båthamna som skal vurderast gjennomført.

Stikkordmessig gjeld det forbetring av det trådlause nettverket, fortøyning, lys, bord og benker, leikeapparat, aktivitetsutstyr på plenen, straumuttak, badestigar, vaskekapasitet, renovasjon og grillplass.

Det vil tidleg på våren bli kalla inn til møte om desse og andre aktuelle tiltak.

Av Ola Matti Mathisen